



DIREKTORATET FOR VILT OG FERSKVANNSFISK  
FISKERIKONSULENTEN I VEST-NORGE

DISTRIKT: SUNNMSRE OG ROMSDAL, SOGN OG FJORDANE, HORDALAND OG ROGALAND  
STRANDGT. 191, 5000 BERGEN - TELEFON (05) 21 83 82

Dalane elverk.  
Dalane Jeger og Fiskerforening.  
v/Vidar Ausen.

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)  
317/81V/EN/JN/uj.

Dato  
24. mars 1981.

RAPPORT FRÅ KONTROLLFISKE I SPJODEVATN OKTOBER 1980.

Etter pålegg frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk vart det i september 1979 satt ut omlag 6.000 villfisk av aure i Spjodevatn. Omlag 1.000 stk vart merka ved finneklipping.

Den 3.-4. oktober 1980 vart det utført kontrollfiske med garn i Spjodevatn. Føremålet var å kontrollere tilslaget av utsetjinga i 1979.

Det vart nytta fylgjande garnserie:

4 x 30 omfar	1 x 18 omfar
7 x 24 "	1 x 16 "
1 x 26 "	1 x 14 "
1 x 22 "	1 x 12 "

Fangsten vart 15 aurar. Av desse var 4 stk. merka ved finneklipping.

Aldersfordeling og fiskens vekst framgår av fig. 1. Lengdefordelinga er synt i fig. 2.

Samtlige fiskar var kjønnsmodne. 11 stk. hadde kvit kjøttfarge, medan 4 hadde eit svakt lyseraudt skjær.

12 av fiskane hadde tome magar. Resten hadde små mengder myggpupper og diverse luftinsekt.

- 2 -

7 av fiskane var infisert med en parasitt av slekta Eustrongylides. Dette er ein lyserød rundorm som ligg i cyster inne i bukholå, og som er nokså vanleg.

Gjennomsnittleg kondisjonsfaktor var 0,92. 3 av dei 15 fiskane hadde k-faktor lågare enn 0,80.

pH-målingane vart utført i felt av Vidar Ausen, og resultatet var slik:

Vik nord for Eikjeli	pH 4,90
Vik sør " "	" 4,95
Ved dam	" 4,85.

#### Konklusjon.

Til trass for låg pH har fisken som vart utsatt i september 1979 overlevd det fyrste året. På grunn av innslaget av finneklipt fisk, og på grunn av det einsarta materialet m.o.t. storleik og utsjånad, kan ein gå ut frå at all fanga fisk stamma frå utsetjinga i 1979.


Fiskens kvalitet var mindre god, og skjellanalysane syner at veksten i Spjodevatn har vore svært dårleg. Ved overføring av småfallen fisk frå overfolka vatn til fisketome vatn vil ein ofte få ein markert vekstauke. Dette har altså ikkje skjedd i Spjodevatn, og årsaken må dels vere at pH er nær overlevingsgrensa for aure, og dels at tilgangen på høveleg fiskeføde er liten.

I seinare år har ein gjort fleire vellukka forsøk med utsetjing av Canadisk bekkerøye i vatn med låg pH. Det har synt seg at denne fiskearten har vesentleg større evne enn vanleg norsk aure til å trivast i sure vatn. Det er grunn til å tru at dette vil gjelde også i Spjodevatn.

Med helsing

*Erlend Waatevik*  
Erlend Waatevik

Sakshandsamar Jostein Nordland



FIGUR 1. Vekstkurver Spjodevatn 1980. Materialet er inndelt i årsklasser. Antall fisk i parentes bak kurvene. Siste punkt på kurvene er ved fangst, 4-10-1980.




Fig. 2. Lengdefordeling. - Fangsten fordelt på 0,5 cm lengdegrupper.